

**Fra:** Anngunn Marie Gullbrå <anngunn.gullbra@alver.kommune.no>

**Sendt:** 29.03.2022 13:57:33

**Til:** Knut Helge Wergeland <khwergeland@hotmail.com>

**Emne:** SV: Bustadadresse firemannsbustad i Spiki

---

Hei igjen

Det ser ut som noko har gått heilt i surr ved registreringa av seksjoneringa her.

Vedlagt er matrikelrapport som viser korleis ting er registrert i matrikkelen, med påteikning av korleis det ser ut som det skulle vera ut i frå seksjoneringsteikningane – og fasadeteikninga du sende.

Kan du sjekka at rettinga eg har påført skjemaet vert rett i høve til dei faktiske forholda?

Seksjon 1 er eigd av Lundberg (42B)

Seksjon 2 er eigd av Wergeland (42A)

Seksjon 3 er eigd av Jhoana Rose(40B)

Seksjon 4 er eigd av Rambjør Seim(40A)

U0101 er leiligheitene i underetasjen ( 1. etasjen) og H0101 er leiligheitene i 2. etasjen. Adressene 40A, og 42A er registrert i 2. etasjen og 40B og 42B er i underetasjen.

Dersom dette er rett, kan kommunen foreta retting ved å endra peikar frå aktuelle brukseiningar til rette seksjonsnummer.

Med helsing

**Anngunn Marie Gullbrå** | Avdelingsingeniør Kart og Oppmåling

Telefon: +47 56 17 11 81

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)



**ALVER**  
KOMMUNE

---

**Fra:** Knut Helge Wergeland <khwergeland@hotmail.com>

**Sendt:** tirsdag 29. mars 2022 11:34

**Til:** Anngunn Marie Gullbrå <anngunn.gullbra@alver.kommune.no>

**Emne:** Bustadadresse firemannsbustad i Spiki

Hei,

Ref. telefonsamtale. Under tilsyn med branntryggleik i leiligheta mi, utført i dag 29.03.2022, vart eg gjort merksam på at bustadadressa eg er registrert i Folkeregisteret, Spiki 42 A, ikkje samsvare med informasjonen dekas.

Sjå vedlagt bilete over seksjonsinndelinga.

Fint om du kan sjekke opp i dette, og evt. dei andre adressene i firemannsbustaden.

På førehand takk

Mvh

Knut Helge Wergeland

Få [Outlook for Android](#)